




**BIT20 Ensemble**

# BIT20 Ensemble Strategi 2014 - 2017

## *Innhald*

Visjon og føremål	s.2
Verdiar	s.3
Mål	s.6
Strategiske satsingsområde	s.8





## Visjon

BIT20 Ensemble har som ambisjon å vere det fremste samtidsmusikkensemble i Norden.

## Føremål

BIT20 Ensemble skal fremje utøving og presentasjon av norsk og internasjonal samtidsmusikk, og gjere musikken kjend for eit bredt publikum.

# VERDIAR

## *Profesjonalitet*

BIT20 Ensemble er stolte over sine erfaringar og sin historiske bakgrunn, og vil fortsetje å presentere samtidsmusikk på eit høgt kunstnarleg nivå.

## *Tilgjenge*

BIT20 Ensemble har som mål å presentere notidas musikk til eit publikum i alle aldrar og frå mange ulike miljø. Vi skal presentere sjølv det mest komplekse musikalske uttrykk på ein enkel og forståeleg måte.

## *Nyskaping*

Samfunnet endrar seg, og med det endrast også nyskapande musikk og estetikk. Ensemblet vil bidra til å skape morgondagens nordiske musikk, og hjelpe komponistar og kunstnarar til å realisere sitt fulle potensiale.

## *Samfunnsansvar*

Musikk frå notida speglar samfunnet vårt. I dette ligg også ei framtidig forståing, og eit historisk blikk. Ensemblet ser det som sitt ansvar å ta vare på dette kunstuttrykket av i dag.

## *Utvikling*

Ensemblet meiner at kunst kan endre og utvikle både individ og samfunn. Vi vil derfor stimulere nye generasjonar til kreativitet gjennom samtidsmusikken.





# BIT20 Ensemble

*Eitt av Nordens leiande ensemble innan samtidsmusikk*

BIT20 Ensemble er eit ensemble for samtidsmusikk basert i Bergen.

Ensemblet har rundt 16 faste medlem. Utgangspunktet for instrumenteringa er sinfoniettaen, men ensemblet er fleksibelt og opptrer gjerne i ulike konstellasjonar. Musikarane i BIT20 er opptatt av musikalsk nyskaping, og deira sterke engasjement og musikalske kunnskap er sjølve kjernen i ensemblet. Fleire av dei faste musikarane er gruppeleiarar eller assisterande gruppeleiarar i Bergen filharmoniske orkester.

BIT20 Ensemble vart oppretta av muskarar i 1989, som eit ensemble der dei kunne framføre eit eksperimentelt repertoar med utgangspunkt i samtida. Fleire av dei opprinnelege muskarane er framleis med i ensemblet. Sidan starten har gruppa etablert seg som eit av dei mest interessante musikkensembla i Norden, og har samarbeidd med ei mengd festivalar og kulturinstitusjonar, både nasjonalt og internasjonalt.

Ensemblet tek eit særskilt ansvar for norsk og nordisk samtidsmusikk, og har så langt bestilt og urframført over eitt hundre verk, i tillegg til å ha medverka på fleire enn 25 innspelningar.

Baldur Brönnimann er ensemblet sin kunstnarlege leiar. Under hans leiing har ensemblet gått i ein ny og spennande retning, og har etablert ein identitet der den totale kunstoplevinga står i sentrum.







BIT20 Ensemble ønskjer å presentere den beste og mest relevante nye musikken, og jobbar kontinuerleg for ei større merksemd for samtidsmusikk og musikalsk eksperimentering. Ensemblet samarbeider ofte med andre kunstnarar, organisasjonar og festivalar, både nasjonalt og internasjonalt.

Ensemblet ser seg sjølv som ein ressurs for eksperimentering innan samtidsmusikken, og utforskar stadig nye måtar å framføre musikken på for å engasjere publikum i større grad. Framføringane til ensemblet reflekterer variasjonen og den kontinuerlege nyskapinga innan samtidsmusikken.

Heilt sidan BIT20 Ensemble vart oppretta, har gruppa jobba med formidling og pedagogiske prosjekt for born og unge. Ensemblet ser det som eit samfunnsansvar å stimulere til kreativitet, involvering og samhandling med samtidsmusikken. Ensemblet har eit pågåande prosjekt for å vidareutvikle det faglege innhaldet i formidlingsarbeidet. Dette prosjektet er støtta både av Norsk kulturråd, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

I tillegg til å vere eit av dei mest etablerte nasjonale ensembla for samtidsmusikk, har BIT20 Ensemble ein unik posisjon i Bergen og på vestlandet. Stadige urpremierar av sentrale nolevande komponistar gjer også ensemblet til ei aktuell stemme i samtidsmusikken internasjonalt.



# Mål

## *1. BIT20 Ensemble vil auke merksemda rundt ensemblet og for samtidsmusikken generelt.*

Vi vil

- ...Engasjere eit breitt og variert publikum på ein innovativ måte.
- ... Auke vårt lokale publikum, i tillegg til å bli meir synlege internasjonalt.
- ...Utforske nye måtar å promotere ensemblet sine aktivitetar på.

Utdjuping:

Musikken ensemblet presenterer er ofte overraskande og uventa. Vi ønskjer å bryte ned barrierar mellom kunstnarar, utøvarar og publikum. For å nå eit større publikum vil vi gå utover den klassiske musikken sine tradisjonelle former. Ein konsert med BIT20 Ensemble skal vere eit rom for nye erfaringar, oppdaging og diskusjon.

Vi vil fortsette å jobbe for å styrke ensemblet sitt nasjonale og internasjonale nettverk.

I tråd med vår nyskapande identitet vil vi vere synlegare online, særleg for å nå eit lokalt og nasjonalt publikum interesserte i samtidas kunstuttrykk.

## *2. BIT20 Ensemble vil jobbe for stadig høgare kvalitet i framføring og presentasjon av samtidsmusikken.*

Vi vil

- ... få fram nyskapande repertoar og framføre ny musikk i mange ulike fasettar.
- ...vere ein attraktiv samarbeidspartnar for profilerte kunstnarar og organisasjonar innan samtidskunsten
- ... Fortsetje å skape utforskande musikkprosjekt for born, unge og studentar.

Utdjuping:

BIT20 Ensemble kjenner eit ansvar for å medverke til skaping av ny musikk. Vi har som mål å alltid presentere den viktigaste nordiske og internasjonale samtidsmusikken.

BIT20 ønskjer å vere relevante for samtidskomponistar og andre kunstnarar gjennom framføringar basert på kunnskap, kvalitet og kunstnarleg innovasjon.

Ensemblet ser formidlingsaktivitet som eit samfunnsansvar. Historisk er vår styrke kreative prosessar som involverer born og unge. Vi ønskjer å initiere og utvikle nye samarbeid som omhandlar kreative uttrykk og formidling av musikk frå notida for eit yngre publikum.

### *3. BIT20 Ensemble ønskjer å ytterlegare forbetre organisasjonen.*

Vi vil

- ... Bevare ein stabil stamme av høgt kvalifiserte solistiske musikarar, med samtidsmusikk som spesialfelt.
- ... jobbe for meir fleksibilitet både administrativt og i programmering
- ... Vere etablerte i lokale som gjer at vi kan utføre alle deler av produksjonen på ein best mulig måte.

Utdjuping:

Vi har som mål å stadig utvikle, motivere og engasjere våre faste musikarar.

BIT20 ønskjer å vere attraktive for dei best kvalifiserte musikarane når ein søker nye medlem, slik at ensemblet kan nå høgast mulig kunstnarleg standard.

Framføringane våre er bygd på lang-siktig planlegging. For å produsere konsertar av høg kvalitet i samarbeid med relevante arenaer, festivalar og promotørar, er vi avhengige av større fleksibilitet i tilgang til musikarar og kunstnarlege ressursar.

Kunstnarleg kvalitet er avhengig av eit godt støtteapparat. Ensemblet vil fortsetje å profesjonalisere alle deler av organisasjonen for å oppnå auka kapasitet.

Når det er mulig vil vi samarbeide med andre relevante organisasjonar for å auke vår administrative kapasitet.

### *4. BIT20 Ensemble vil jobbe for eit større økonomisk spelerom.*

Vi vil

- ... Auke inntektene i samsvar med ensemblet sine overordna mål.
- ... Jobbe for å oppnå ein realistisk balanse mellom offentleg og privat finansiering.
- ...Alltid bruke dei finansielle ressursane kosteffektivt.

Utdjuping:

For å nå visjonen vår må BIT20 opptre jamnleg med eigne produksjonar, samarbeidsprosjekt og på internasjonale arenaer. For å oppnå dette må ensemblet sin økonomiske plattform styrkast.

Ensemblet er avhengig av offentleg støtte, men vil jobbe strategisk for å auke både prosjektinntekter og støtte frå private sponsorar.

Ensemblet jobbar kontinuerleg med å bruke ressursane mest mulig effektivt, og vurderer alltid utbytte opp mot kostnad.

# STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDE

## *1. Auke merksemda*

- BIT20 Ensemble ønskjer å bygge ein sterkare publikumsbase både i Noreg og internasjonalt, basert både på den innovative profilen til ensemblet og på ei lang og suksessrik forhistorie innan samtidsmusikken.
- Ensemblet vil lage ein treårig strategi for kommunikasjon og publikumsutvikling, som blant anna vil setje klare mål for BIT20 sitt arbeid med nye media og definere arbeidet med å aktivt bruke og utvide ensemblet sitt internasjonale nettverk.
- Vi vil fortsetje å engasjere publikum gjennom å utfordre den vanlege konsertforma. Dette inkluderer foredrag og uformelle fora i forbindelse med konsertar.
- Vi vil profesjonalisere kommunikasjonsarbeidet innanfor våre økonomiske rammer, for å nå eit breiare publikum.
- Ensemblet vil med jamne mellomrom spele inn relevante verk hos plateselskap med internasjonal distribusjon.

## *2. Fortsette å bygge kunstnarleg kvalitet*

- Vi vil fortsetje å utvikle stadig betre måtar å programmere på, gjennom å stille høge krav til kunstnarleg leiing, og gjennom å investere i muskarane våre.
- Vi vil gi både etablerte komponistar og nye stemmer verdifulle sjansar til utvikling gjennom å bestille nye verk, både reine komposisjonar og genreoverskridande verk.
- Ensemblet vil presentere dei viktigaste nordiske og internasjonale verka innan samtidsmusikken, i ein historisk og tematisk kontekst.
- Den kunstnarlege kvaliteten til ensemblet og framføringane bør generere invitasjonar til samarbeid frå anerkjende organisasjonar og kunstnarar.





BIT20 Ensemble

- Vi vil vidareutvikle formidlingsaktiviteten til ensemblet gjennom evaluering og metodisk utforsking av pedagogikken som blir nytta. For å styrke det faglege innhaldet og utvikle nye prosjekt vil me også søke samarbeid med og råd frå relevante akademiske miljø.
- Gjennom deltaking og førstehands-erfaring vil vi knyte formidlingsarbeidet enno tettare til ensemblet.

### *3. Videreutvikle kvaliteten i organisasjonen*

- Den sterke eigarskapskjensla musikarane har til BIT20 Ensemble må bli tatt vare på, parallelt med at musikarane kan vidareutvikle seg som individuelle utøvarar.
- Så lenge ensemblet er avhengig av dei best kvalifiserte utøvarane frå Bergen filharmoniske orkester, skal ein arbeide for eit tettare samarbeid med orkesteret.
- Ensemblet har lang planleggingshorisont, og vil arbeide for å oppnå meir fleksibilitet både når det gjeld musikarar og administrasjon.
- For å betre internkommunikasjonen vil vi organisere fleire møtepunkt.
- Vi vil jobbe for å finne gode og varige lokale både for kontorplass, lager og øvingsplass, fortrinnsvis saman med andre relevante kulturorganisasjonar.
- Lokala skal hjelpe ensemblet til å yte sitt beste i alle ledd av produksjonen.

### *4. Auke det økonomiske handlingsrommet*

- Det skal lagast ein plan for å auke inntektene både frå offentlege og private kjelder.
- BIT20 Ensemble skal kontinuerleg evaluere den økonomiske situasjonen for å finne ut korleis midlane kan blir utnytta best mulig.